

[Automatisk teksta av Autotekst med NB Whisper. Kan innehalda feil.]

[KLAUS MOHN]

Du lyttar no til ein podkast frå Universitetet i Stavanger.

I eit av verdas minste, men rikaste land skal vi i dag legge ilandsproblemene til side og heller dvele litt rundt utfordringar som er verkeleg alvorlege i verda rundt oss.

Det skal handle om krig, krise, helse og håp.

Med oss har vi to gjester som har hatt ulike roller midt i nokre av dei mest alvorlege humanitære krisene i vår tid.

Jan Egeland er generalsekretær i Flyktninghjelpen, ein av dei største humanitære organisasjonane i verda, med arbeid i over 40 land.

Jan har vore nødhjelpskoordinator for FN, og har i fleire tiår vore blant dei fremste talspersonane for sivilbefolkninga i krig og konflikt verda over.

Han har stått i stormen og blitt kalla 'verdens samvittighet' og ein mann som aldri gir opp.

Hjarteleg velkomen, Jan.

Ingrid Tjoflåt er dosent i sjukepleie ved Universitetet i Stavanger.

Gjennom 35 år har ho vore på oppdrag som operasjonssjukepleiar, lærar, prosjektleiar og kapasitetsbygger for Røde Kors i ei rekkje kriseramma land i fleire verdsdelar.

For sin innsats fekk ho nyleg den høgthengande Florence Nightingale-medaljen.

Erfaringa trekker ho på som pådrivar for global helse i helseutdanningane ved UiS.

Hjarteleg velkomen til deg òg, Ingrid.

For deg, Ingrid, starta dette for 35 år sidan.

Då fekk du ein telefon ein tilfeldig fredag, for å seie det sånn.

Fortel!

[INGRID TJOFLÅT]

Eg fekk telefon frå Røde Kors om eg ville reise til Kabul og jobbe på sjukehuset som Røde Kors hadde i Kabul.

Og valet var lett.

For sjukepleie er jo internasjonalt.

Og heilt sidan eg gjekk på Røde Kors sjukepleierskule for veldig lenge sidan, har eg hatt eit ønske om å jobbe internasjonalt.

Og etter hvert blei eg operasjonssykepleier og lærer.

Og det å få bruke kompetansen min og jobbe utanfor Noregs grenser, det har vore utruleg lærerikt og givande og meningsfylt.

Og det som motiverer meg, er jo det å kunne bidra, og at eg liker den type arbeid.

[KLAUS MOHN]

Men det er òg ei fagleg drivkraft her, så det er knytta til faget ditt som sykepleier i tillegg.

[INGRID TJOFLÅT]

Ja.

Det jeg ser på mange av oppdragene jeg har hatt, er at på tross av krig og katastrofer, viser mennesker en enorm styrke og klarer å bevare håpet.

Og eg har også sett korleis enkeltpersonar blir friske med enkle midlar.

Og klart at det å jobbe ute, da jobbar du i internasjonale team, du jobbar med lokale Røde Kors-foreiningar, og veldig mange frivillige, som gjer ein fantastisk innsats.

Og det å jobbe òg, som eg sa, det er jo utruleg lærerikt, variert, men også veldig meningsfullt.

[KLAUS MOHN]

Og når du landa i Kabul den gongen, for aller første gong, kjente du deg førebudd?

[INGRID TJOFLÅT]

Ja.

Ja og nei.

Eg hadde jo vore sjukepleiar og operasjonssjukepleiar nokre delar, så eg visste korleis det var å vere sjukepleiar i Noreg.

Men eg visste jo ikkje noko om korleis det var å jobbe med krigsskader i eit heilt anna land.

Så det måtte eg jo lære når eg kom der.

[KLAUS MOHN]

Jan, din bakgrunn er annleis.

Du har vore i kontakt med krisa frå eit litt anna perspektiv, men likevel frå du var ganske ung, med amnesti og seinare i diplomati og FN.

Kva var det som trakk deg mot dette feltet?

[JAN EGELAND]

Eg kjem jo frå ein familie her i Stavanger.

Min far var blant initiativtakarane til universitetet her.

Vaks opp trygt og godt på Ullandhaug, og var for første stund eigentleg veldig ...

Tiltrekt av det som eg såg på som den store kampen.

Nemleg ... Og den var ikkje i trygge og rolege og privilegerte Stavanger.

Den var rett og slett der vårt folk slost for sin eksistens, og der dei trengte internasjonal solidaritet.

Så rett frå gymnaset ...

Så drog vi jo nokre kameratar i ein buktbil frå USA via Mexico og Mellom-Amerika, og eg enda sjølv opp i ein katolsk hjelpeorganisasjon i Colombia.

Då fylte eg 19 år på vegen.

Og sidan eg var med indianarane i jungelen i Colombia og såg korleis dei ...

Slåst for sin eksistens.

Så følte eg at dette var jo ... Dette er dei store spørsmåla i vår tid, og dei ville eg vere med og bidra til.

Ikkje å løyse, det er altfor mykje.

Men å vere på den rette sida av den kampen.

[KLAUS MOHN]

Så du har nesten hatt dette på maten gjennom oppveksten og fått det inn med morsmjølka?

På sett og vis, iallfall problemstillinga?

[JAN EGELAND]

Eg lærte jo av mine foreldre at det var ikkje sjølv sagt at det var fred i Stavanger.

Dei levde jo under naziokkupasjonen.

Det var ikkje slik at det var sjølv sagt at vi hadde det daglege brød.

Dei levde gjennom 30-åra.

Og eg trur det pregar jo ganske mykje at ... Høyr her, når vi har blitt så privilegerte, når vi har mangedobla vår kjøpekraft ... For det har vi gjort sidan eg blei ein gammal mann.

Så i mi tid er det vel ikkje ein 50 %-auke, det er ein 500 %-auke i kjøpekraft.

Du er jo økonom, altså.

Du veit jo kva for ei eventyrforteljing den norske velferdsstaten er.

Og da føler eg at det er rett og slett ei moralsk forplikting å bry seg om dei som har stått stille i dei same periodane, og faktisk også slåst for si overleving som indianerstamme, eller som folk, eller som frihetselskande journalistar, eller i hjelpearbeidet som Ingrid har vore med på.

Eg var jo også generalsekretær på eit tidleg tidspunkt i Norge så det går, og sendte ut ...

Feltsjukehus bl.a.

til Afghanistan.

[KLAUS MOHN]

Var du sikker allereie den gongen på at du hadde dei eigenskapane som trengast for å lukkast i eit slikt arbeid?

[JAN EGELAND]

Nei, det kan du vel ikkje seie.

Kva eigenskapar hadde eg?

Eg var jo ein unggut.

Eg var ein frivillig i jobba på grunnplanet i Colombia.

[KLAUS MOHN]

Men nokre personlege eigenskapar og ein sterk motivasjon var til stede då?

[JAN EGELAND]

Ja, motivasjonen var no der, da.

Og etter kvart så har eg jo vore utruleg heldig som har fått lov å få ...

Få jobb.

Eg har mange gonger fått spørsmål om korleis eg orkar dette.

Så eg orkar dette.

Det er jo eit privilegium.

Eg får jo til og med betalt for å vere hjelpearbeidar.

Eg kunne gjort det frivillig.

Det er for meg å sitte og flytte pengar eller papirar.

Det ville vore eit mareritt.

Dette er jo det ...

Eg vil.

Og me lykkast.

Det er viktig å få fram her.

Me lykkast oftare enn me mislykkast.

Det er ei stor tilfredsstilling å sjå at det blir betre gjennom hjelpearbeid.

[KLAUS MOHN]

Det er lett å forstå, og det er kanskje ikkje alltid me får det inntrykket i media.

[JAN EGELAND]

Nei.

Og det er eit stort problem no.

Me har nettopp gjennomgått ein valkamp i dette landet.

Og det handla jo berre om korleis verdas mest privilegerte folk skulle få det endå betre.

Altså ... Formuesskatten må ned.

Subsidiane må opp.

Pensjonistane må kunne pensjonere seg endå tidlegare og ha det endå betre, osv.

Det er ...

Og det skjer i ein periode hvor det er ein enorm global ubalanse og urettferd.

No er me 100-200 gonger rikare enn verdas fattigste folk, me nordmennene.

[KLAUS MOHN]

Det er grelle kontrastar.

Ingrid, den gongen du landa i Kabul for første gong.

Kjente du at du hadde det som trongst for å lykkast i eit slikt arbeid?

Kor trygg var du på at dette var greia for deg?

[INGRID TJOFLÅT]

Ja, eg var jo trygg på det å vere sjukepleiar.

For det hadde eg jo vore i nokre år.

Men eg ønskte jo gjerne å bidra i internasjonalt arbeid.

Og det fekk eg jo veldig gjere når eg var der.

Eg måtte jo lære korleis det var å jobbe med krigsskader.

Og lære standaren til Røde Kors.

Og det er veldig givande å jobbe med helsearbeidere, sånn som i Afghanistan, men også i andre land som jeg har jobbet.

Og også å se, som jeg sa, hvordan enkelt utstyr kan være med og hjelpe mange mennesker.

[KLAUS MOHN]

Har du håndtert det omtrent som du trodde, eller har du blitt overraska noen gang over måten du sjøl har reagert på det du har møtt?

[INGRID TJOFLÅT]

Klart at ... Vi har jo vært i mange sikkerheitssituasjoner.

Hvor det har kanskje vært litt farlig.

Og som òg må ha gjort at vi ikkje har kunna gjøre det vi hadde tenkt å gjøre.

Vi har kanskje mangla utstyr.

Og klart at det ... Disse historiene som mange forteller oss, både helsearbeidarane ...

Men også pasienten og pårørende.

De er sterke, og de tar det med deg.

Det kan vere ganske sterke lydinstrykk òg, som du tar med deg videre.

[KLAUS MOHN]

Har det vore frustrerende å ikkje vere ein del av det politiske?

Raude Kors jobbar jo i det stille og fokuserer på det humanitære og helsemessige.

Har du vore frista frå tid til anna til å engasjere deg politisk?

[INGRID TJOFLÅT]

Jeg tenker jo at det med solidaritet, som Jan Egeland også trekker frem, det er jo på ein måte kjernen i dette.

Det å bry seg, og det å dele.

Og sånn som han sier også, så er det dette med at vi er jo utrolig privilegerte i det landet som vi er i, og det arbeidet ...

Som jeg har gjort i mange forskjellige land.

Det har forsterka min tro på dette med solidaritet.

Men jeg har aldri vært engasjert politisk.

Det har jeg ikke.

Som Røde Kors er vi ein nøytral organisasjon som ikkje skal ta politisk side.

Det er fordi vi skal kunne hjelpe alle i ei krise.

Begge sider i ei krise.

Hjelpe dei som treng det.

[KLAUS MOHN]

Kva skil Flyktninghjelpen frå Raude Kors på dette punktet, Jan?

[JAN EGELAND]

Der skil vi oss ikkje mykje frå kvarandre.

Faktisk er det sånn at eg som også jobba i internasjonale Raude Kors ... Det var min første jobb, i Genève.

Ansatt av Raude Kors-forbundet, Raude Kors-komiteen og det sveitsiske Raude Kors i eit studieprogram.

Og då var eg saman med ...

Jean Pictet, som er far til de humanitære prinsippene, uavhengighet, nøytralitet.

Upartiskheit, og høyst av alle, humanitet, medmenneskelegheit.

Og det er jo det som Ingrid lever når ho er ute i felt.

Det er det mine 15 000 hjelpearbeidarar også skal leve etter.

Vi er nok tøffare enn Raude Kors i år.

Vi har blitt suspendert i flere land ved at vi enda klarere gjør offentlig hva vi ser.

Hva vi føler galt.

Kven som er ansvarleg for elendighet og urett.

Og akkurat nå så er vi i ferd med å miste vår registrering i Israel.

Fordi at vi er ein sterk kritikar av det Israel gjer i Gaza, hvor ...

Eg har 60 kollegaer som flyktar for livet.

Dei er hjelparar, men dei flyktar for livet sitt.

Og alt hjelpearbeid er no paralyisert under eit angrep som har ført til det FN kallar for eit folkemord.

[KLAUS MOHN]

Det er ein krevjande balansegang.

På den eine sida skal ein sikre tilgang.

Viss ein er for tydeleg og går for høgt på banen på den politiske arenaen, risikerer ein å miste akkurat det.

[JAN EGELAND]

Er det eit dilemma?

Det synest som eit dilemma.

På mange måtar kan det òg vere eit falskt dilemma.

Eg seier ofte når eg snakkar med kollegaer som leiarar for andre hjelpeorganisasjonar, at hugs.

Disse mennene med våpen og makt, diktatorene, krigsherrene, dei spesialiserer seg på å skremme oss.

Og vi spesialiserer oss også på å være skremt.

'Nei, vi kan ikkje gjøre det.

Vi må jo vere forsiktige', osv.

'Vi kan miste vår tilgang', osv.

Jo, men hvis vi er ... Hvis vi er ...

Vitner til det som skjer, utan å snakke høgt om det ... Ja, da er vi også medskyldige.

Så Røde Gårds, som eg studerte, og var ein del av lenge, ein fantastisk organisasjon ... Dei tok jo offentlig sjølvkritikk etter andre verdskrigen.

Skulle vore mykje klarare overfor holocaust, ikkje sant?

Sveitserne var forsiktige.

Naboer til Tyskland skulle gått hardere ut.

Noen ganger ... Vi blei suspendert, vi, Flyktningshjelpen i Etiopia fordi vi var så tøffe med kritikken av at det som skjedde i Tigray, hvor vi ikke fikk tilgang ...

Da blei MSF, Leger uten grenser, og Flyktningshjelpen kasta ut eller paralyisert.

500 hjelpearbeidarar fekk sparken.

500 000 menneske fekk ikkje hjelp lenger.

Da har eg nok følt at vi burde vore ...

Litt meir forsiktige der.

Der var kostnaden sannsynlegvis for høg.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Og har du eksempel på det motsatte?

Du har nemnt Røde Kors, men på dine egne?

[JAN EGELAND]

Nja ... Altså, eg trur ...

Eg trur, ja ... Eg høyrer ofte, når eg reiser rundt ... Eg skal ikkje oute organisasjonar, men eg høyrer ofte ... We're right behind you, Jan.

You lead, we're right behind you.

Dei er veldig fornøgde med at vi går på BBC to gonger og snakka om kva stad ein måtte seie til Trump.

Om hva som nå verden måtte gjøre for å presse Israel osv.

Det er risikobetont.

Både for vår registrering i Israel og for ei mogleg svartelisting i USA av Trump-administrasjonen, som er vindiktiv.

Altså, dei kjem etter organisasjonar.

USAs FN-ambassadør gjekk ut i går på Twitter og sa ho ville undersøke om Leger uten grenser hadde brutt ...

Terrorlovgivning ved at dei hadde kritisert Gaza Humanitarian Foundation, som er eit påfunn frå israelske militære og amerikanske myndigheiter i Gaza.

Det er jo heilt utolelege angrep, og da må vi stå opp og slåss for og med Leger Uten Grenser, ein søsterorganisasjon.

[KLAUS MOHN]

Du ser det heilt frå andre kanten.

Dette gir jo ein unik posisjon for å påverke der det verkeleg gjeld.

Du snakkar om BBC og Stamer og Trump osv.

Du, Ingrid, ser det frå heilt den andre kanten, i små kirurgiske team på feltsjukehus osv.

Korleis går dialogen blant dykk om kva dette eigentleg handlar om, og kva rolle de som hjelpearbeidarar skal spele?

[INGRID TJOFLÅT]

Vår rolle som hjelpearbeidarar, eller som sjukepleiarar og helsearbeidarar, det er jo å hjelpe enkeltmenneske og familiar, og på ein måte frå golvplanet prøve å gjere det betre for folk.

Men samtidig òg prøve å påverke systemet på eit høgare nivå.

Men kanskje i ...

I det stille, da, for å få tilgang.

Men mens Røde Kors også har jo fleire gonger gått offentleg ut, bl.a.

gjorde dei det i Myanmar, og for å ... Og det var jo på mange måtar vellykka den gongen, i 2012.

Så dei gjer det, men ikkje sånn gjennomgåande, nei.

[JAN EGELAND]

Det er jo på mange måtar ei arbeidsdeling mellom organisasjonane.

Røde Kors-komiteen har jo eit mandat under Genèvekonvensjonane om å vere ein nøytral mellommann eller -kvinne.

Og det gjer at dei får tilgang også til fengslar.

Dei besøker politiske fangar.

Dei besøker krigsfangar.

I Gaza trur eg det har vore ... Altså, i Israelsk-palestinsk konflikt og i den ukrainsk-russiske konflikten har det vore spesielt vanskeleg for dei, for dei har blitt angripe av éin eller begge partar.

Å tie stille må vere ganske tøft.

Stort sett er det å falle i frontlinja i å ...

Gi vitnesbyrd om overgrep, og om kven som er ansvarleg i desse.

Eg skulle ønske at fleire andre av den typen organisasjonar ... Eg forstår at Internasjonalt Røde Kors-komiteen ikkje kan gjere det.

Andre organisasjonar burde eigentleg vore meir frittalande.

Det hadde gjort at vi blei mindre eksponert.

Eg skjønner.

Så du ...

[KLAUS MOHN]

Flyktninghjelpen tar ei stor oppgåve som kanskje fleire burde delt?

[JAN EGELAND]

Ja, nokre av dei amerikanske store humanitære organisasjonene burde vore tøffare.

Sjølvsagt om dei, i likhet med oss, har mista masse Trump-pengar.

Men det er jo klart, når du blir kvista av eit så tøft ...

Da spesialiserer du deg med å vere redd, snarare enn å vere uredd.

[KLAUS MOHN]

At dei offentlege stemmene er såpass få er kanskje ei spesiell utfordring i den tida me lever i no, der demokratiet er i tilbakegang og det er fleire konflikter enn på lenge.

Det er dei færraste av desse konfliktane som trass alt når mediebildet.

Det er jo eit tankekors som eg har undra på mange gonger.

Kva er det som gjer at enkelte konflikter er i media, mens dei fleste ikkje er der?

[JAN EGELAND]

Vi lagar kvart år ei liste over dei verdas mest neglisjerte konflikter.

Då måler vi for tre kriterium.

Kor mange menneske er i ytterste nød og elendighet?

Kor mykje pengar løyst til hjelpearbeid i den konflikten per menneske i nød?

Kor mange gonger er konflikten nemnt, berørt, dekkja av internasjonale nyheitsmedier?

Og det tredje kriteriet er kor mange politiske, diplomatiske og andre initiativ er det for å løse konflikten?

Og da ser du heilt systematisk at afrikanske konflikter rangerer mykje lågare enn Midtøsten.

Ein Europa ... Og eg trur at det er av strategisk politiske og kulturelle årsaker.

Vesten føler Ukraina mykje nærmare oss enn Kamerun eller Sahel-beltet, eller Kongo.

Kongo er ein av verdas største konflikter.

I dag er den verste humanitære konflikten i verda, utan samanlikning, Sudan.

Det er ingen tvil om det.

Men det er Ukraina og Gaza som får merksemda.

[KLAUS MOHN]

Ingrid, føler du at dette påverkar hjelpeorganisasjonenes engasjement?

Blir du sendt til land som ikkje har verdas merksemd, eller er det krisene som har verdas merksemd, som òg får Raude Kors si merksemd?

[INGRID TJOFLÅT]

Nei, altså eg har vore i mange land som kan definerast som gløymte kriser.

Bl.a.

i Honduras, Nigeria, Sør-Sudan og Afghanistan.

Det har jo vore sterkt i mediebildet for ein del år sidan, men no er det ikkje ... Det var i morges, men det er jo ikkje ikkje i mediebildet.

Så eg har vore i mange av desse stadene, ja.

[KLAUS MOHN]

Kan hjelpeorganisasjonar bidra til å justere dette oppmerksomhetsbildet?

[INGRID TJOFLÅT]

Det er klart at som helsearbeider, og vi jobber jo med enkeltmennesker, så er vi jo vitne.

Og vi kommer jo veldig nært.

Og det er viktig å være nær de en skal hjelpe.

For å kunne bidra på en god måte.

Og det å kunne forstå.

Og klart at den informasjonen som vi sikter.

Sidan vi er så nær, kan jo ... Når vi kjem heim, brukes til å få merksemd.

Det blir vel kanskje i liten grad gjort.

Vi rapporterer jo på dei oppdraga vi har vore.

Men det kan òg vere med ... Dei vitna våre kan òg vere med ...

Absolutt.

[JAN EGELAND]

I høg grad.

Og spesielt av vår private giverglede.

Og det er derfor det er så viktig at du har offentlig bistand over statsbudsjettet.

Så Noreg er ein god givar.

Noreg gir Røde Kors, Flyktningshjelpen, alle dei andre organisasjonane ...

Bidrag, altså FN-organisasjonen, generelle bidrag, dei brukes i ...

Etter vårt skjønn verdas mest neglisjerte kriser.

Det er Kamerun.

Det er Burkina Faso.

Det er Kongo.

Det er Niger.

Det er Mali.

Altså Sentral-Afrika.

Mykje tidlegare fransktalande kolonier.

Dei får hjelp gjennom oss pga.

at vi har ein rammeavtale med Norad.

Har vi innsamlingsaksjoner, så lykkes dei som regel viss det er Ukraina eller noko som er i mediebildet.

Det betyr at du har sånne forsterkande effekter.

Det er ein dramatisk konflikt.

Den føles nær.

Den føles viktig for Vesten.

Den får mykje merksemd.

Det er derfor lett å samle inn pengar.

Dermed blir det meir hjelpearbeid.

Så blir det meir augevitnerklæring om det, og så blir det tilsvarande mindre andre stader.

Så det kan vi vere med på å utligne ved å få myndigheitene til å bevilge pengar her.

Men det er vanskeleg å få nyheitsmedia med på dette.

Dei har færre og færre korrespondentar, og det verkar som dei er meir og meir ute etter klikk på sine heimesider, og da blir det jo veldig mykje tøys og tull som tar over der det tidlegare var systematisk utanriksjournalistikk.

[KLAUS MOHN]

Du antydgar at nærværet av hjelpearbeidarar kan spele ei betydeleg rolle.

Men det er eit nærvær og ei tilstedevære som ein ikkje alltid rår over sjølv.

Det må jo frå tid til anna vere frustrerande å kjenne på at ein enten blir trekt ut, eller at ein ikkje får reise til stader, eller at ressursane er for få, osv.

Korleis handterer ein den type frustrasjon?

[INGRID TJOFLÅT]

Ja, klart at det kan vere frustrerande.

Absolutt.

Og klart at da må ein jo kunne snakke om det i teamet ein jobbar med når ein er i felt.

Men eg tenker òg det er veldig viktig å snakke om det og sortere det når ein kjem heim frå felt.

Å snakke med familie, med gode venner.

Og for meg så har det vært ganske viktig, det å ... Den sorteringen er å si ja til å ha foredrag.

Da er det mye sortering som foregår.

Og også det å skrive artikler og ... om det arbeidet.

Ja.

[KLAUS MOHN]

Og mens du er desse stadene, så jobbar du ganske tett med menneske som du ikkje kjente før du drog, etter det eg forstår.

Og etter nokre veker eller månader når oppdraget er utført, så skillast de igjen.

Bygger du relasjonar som varer her, eller er det ein del av gamet at desse relasjonane handlar om oppdraget?

[INGRID TJOFLÅT]

Mange av dei eg har truffe gjennom alle dei åra, held eg framleis kontakt med.

Dei kan bu rundt omkring i forskjellige land i verda.

Vi har sterke band som vi har hatt på desse feltoppdraga.

[KLAUS MOHN]

Frå din posisjon må du kjenne på noko av det same.

Går eg ut frå skuffelse og avmakt og tilbakeslag osv. ?

Korleis klarer du likevel å oppretthalde motivasjonen?

[JAN EGELAND]

Eg kjenner på skuffelse, men kjenner òg på å vere opprørt.

Me har blitt rasande over det som skjer i Gaza.

Der settes no verdensrekord i drepte helsearbeidere, Ingrids kollegaer.

Drepte journalister.

Drepte universitetsfolk, dine kollegaer.

Og drepte hjelpearbeidarar.

Det er verdsrekord!

Det er fleire i Gaza som drep i desse kategoriane, enn i resten av verda til saman.

Klart, da blir du opprørt.

Det er også ei drivkraft.

Men den viktigaste drivkrafta er jo å sjå at vi lykkast.

Så eg trur ein av dei tinga vi må klare å få meir ut, er ...

Dei gode historiene ... Du må ha ein million historier over at vi klarte å redde den foten.

Vi klarte å redde det livet.

Vi klarte å skape håp i denne familien.

Og hadde vi ikkje vore der, så hadde det gått riktig galt.

Og da er jo det ein enorm investering, rett og slett, for oss alle, å skape håp.

Og viss du ønsker at dine barn skal leve i ei stabil verden utan epidemiske sjukdommer, utan masse migrasjon og kaos, ja, da investerer du i internasjonal bistand.

Og da blekner det nesten litt, altså, korleis vi kan bli endå litt rikare her.

Øke kjøpekraften min med 50 % til, og kanskje 100 % til, osv.

på toppen av alt.

Så eg er litt overraska over at mange av dagens ungdomar synest det var veldig viktig å diskutere pensjonsfond og formuesskatt.

Det må også diskuterast, rett og slett rettferdighet.

[KLAUS MOHN]

Det raseriet og engasjementet som du snakkar om, det har jo blitt reflektert òg i Noreg.

Det har gått ein diskusjon blant universiteta om kvifor ein skal boikotte Israel eller ikkje.

Og til og med helseinstitusjonane og sjukehus har no den same diskusjonen.

Kor går grensa for kva risiko ein skal utsette sine hjelpearbeidarar for i sånne område?

[JAN EGELAND]

Ja, det er liksom to litt forskjellige diskusjoner.

Det er helt riktig, vi har ...

Vi ber ikke om boikott av Israel.

Vi er operasjonelle på bakken der.

Det er eit utruleg sensitivt og vanskeleg spørsmål.

Men eg har mine private meiningar om Israel skal synge og danse på scenen saman med alle dei andre i den europeiske songfestivalen Eurovisjonen eller ei, og den typen ting.

Men det er på mange måtar ei sidesak i forhold til det at ...

At no blør og dør våre kollegaer i gasset, rett og slett.

Eg er for ... Det er viktig òg å sjå om du bidrar, sånn som oljefondet, til å oppretthalde ein okkupasjon eller ei.

Det er folkerettsbrot.

Ein generell boikott av Israel er eg meir i tvil om, rett og slett.

Eg kjenner mange israelarar som går demonstrasjonstog.

Jevnlig mot Netanyahu.

Og like mykje mot det som meg.

Så den er ein diskusjon vi som nøytrale, upartiske hjelpearbeidarar held oss borte frå.

Vi må hjelpe folk på bakken.

Og det kan vi gjere.

Og vi lykkast oftare enn at vi mislykkast.

[KLAUS MOHN]

Høyrer du noko av den diskusjonen blant dine kollegaer, Ingrid?

Viss det blir for farleg å vere på dei stadene der de blir plassert ut, hender det at de blir trekt ut fordi risikoen har vore for stor?

[INGRID TJOFLÅT]

Ja, det har skjedd.

At vi har blitt trukka ut fordi risikoen har vore for stor.

[KLAUS MOHN]

Det er jo ein tragedie på sett og vis, for det kan samtidig bety at behovet er større enn nokosinne.

Og det er vel noko som kan ramme gassar òg akkurat no.

Viss ein vegrar seg pga.

risikoen, så kan behovet likevel få hjelp.

[JAN EGELAND]

Ja, der har jo egentleg hjelpeorganisasjonar vore ...

Det er beundringsverdig.

Også FN, ved at man står på post.

Utruleg mange krigssoner har kryssa utruleg mange frontlinjer.

Du kan ikkje vere hjelpearbeidar utan å ta risiko.

Men det må vere rimeleg risiko i forhold til kva du oppnår.

Og når det er urimeleg risiko, og du ikkje kan kontrollere stabens sikkerheit overhodet, da må du ...

Vi forhandlar med partene.

Vi skaper aksept for vår tilstedeverd.

Røde Kors er veldig gode på det.

Det er også vi i Flyktninghjelpen.

Og vi bankar bordet, så går det stort sett bra med vårt personell.

Men eg seier ofte òg at klart du må ta risiko.

Kan det vere farleg?

Ja, det kan vere farleg.

Du begynner å jobbe i biblioteket her viss du ikkje er villig til å ta risiko.

[KLAUS MOHN]

I mellomtida er merksemda heime knytta til nokså trivielle og banale problemstillingar målt opp mot dette.

Kva tenker du me burde gjere for å endre på det bildet?

Kva rolle har universitet og høgskular for å bidra med kunnskapsutvikling og utdanning på dette feltet?

[JAN EGELAND]

Ja, for å sette til ... Altså, eg trur universitet, akademikarar, åndsarbeidarar har eit ansvar for å sette ting i perspektiv.

Det er masse problem i Noreg.

Mange problem innan eldreomsorgen og ... Stress og elendigheit og diskriminering osv.

Men dei må settast litt i perspektiv i forhold til kva som skjer andre stader.

Og det har vi delvis fått forståelsen fra pga.

at Ukraina er nært, og 35 000 ukrainske flyktningar kom til Noreg.

Men det er i Ukraina éin av 60 pågåande konfliktrar i vår tid.

Vi kjenner Gaza godt og Vestbredden, men det er veldig mange konfliktrar.

Og så er det den tilleggsdimensjonen.

Vi er ikkje flinke nok til å fortelle igjen at vi lykkast.

Det er ei god investering.

Det er den beste investeringa vi kan gjere som folk, er å skape håp der ute.

Det er sikkert gode investeringar viss du investerer meir i oljeverksemda.

Då kan du få mykje pengar igjen.

Men du må investere i at det blir håp for ungdommen.

Eit lite eksempel.

Eg sat i eit miserabelt telt og snakka med ungdomar i det østre Tsjad.

Og det var ungdomsleiarar som hadde flykta frå Darfor i Sudan.

Og eg spurte dei om kva dei tenkte om framtida.

Så sa dei jo, vi tenker at vi kan ikkje dra tilbake til Darfor.

Våre heimar er i flammer, og våre fiendar har tatt over våre område.

Vi ser rundt oss.

Her haustar Tsjad.

Det er ingenting.

Det er ikkje håp her.

Vi skal til Middelhavet.

Vi skal over til Europa, vi.

Og vi hadde venner.

20 stykker tok ein buss.

Dei drog til kysten.

Klarte å komme seg på ein sånn menneskesmugla flåte.

19 av 20 drukna.

Éin overlevde.

Så sa eg, 'Ja, men dette er jo opplagt.

Heilt klart.

Da må dere bli.'

Vi skal prøve å hjelpe dere her.'

Og så seier eg, 'Nei, nei, nei.'

Éin overlevde.

Vi drar.

Det er intet håp her.

Den typen drivkrefter må vi nesten forstå.

Eg hadde reist hadde eg vore i den situasjonen.

Klart eg hadde prøvd å komme til Europa.

Eg hadde prøvd å komme til Noreg når det er så stor ustabilitet og urettferdighet i verda som vi i dag har.

Dette er ei av årsakene til at vi må investere i håp i frontlinjene.

[KLAUS MOHN]

Ingrid, du tar erfaringane rett inn i din verksemd ved Universitetet i Stavanger.

I utdanninga av sjukepleiarar.

Korleis bruker du dette reint konkret?

[INGRID TJOFLÅT]

Vi jobbar mykje med mobilitet.

Vi ønsker at våre studentar skal reise ut til lavinntektsland.

Vi har samarbeid med fleire land i verda.

I Afrika og i Asia.

Det vi ser, er at dei lærer veldig mykje på desse mobilitetsvindauga.

Dei lærer å leve og bu i ein annan kultur.

Dei lærer om ulike helsesystemer.

Dei lærer òg det å få eit anna perspektiv på ... Dei ser fattigdom i forhold til det dei er vant til frå Noreg.

Det er kjempeviktig kunnskap som dei tar med seg.

Når dei skal begynne å jobbe som sjukepleiarar i Noreg i dette med kulturforståelse, dette med språk ... Og også det at dei har kjent på korleis det er å leve i ein annan kontekst.

Og då vil dei betre forstå menneske som kjem til oss, som kjem frå andre land i verda.

Så vi ønsker jo at mange skal reise ut.

[KLAUS MOHN]

Er det stor nok merksemd på humanitære kriser og global helse i helseutdanningane?

Eller skulle du ønske det var rom for enda meir i dei utdanningane du bidrar til?

[INGRID TJOFLÅT]

Eg skulle ønske at det var ... Det er jo mange initiativ på mange universitet i Noreg.

Både i forhold til global helse, i forhold til utdanning i global helse og forskning.

Men klart at ved Universitetet i Stavanger òg er det mange prosjekt.

Som går ut på betre utdanning i lavinntektsland.

Men klart at ... Og også masteremner innan dette med helse, humanitære kriser.

Men det som vi kanskje skulle jobbe mer med, er det å få det mer integrert inn i utdanningene.

Så det blir ein mykje større del av utdanning.

Ein naturleg del.

Og det er det ikkje.

[KLAUS MOHN]

Er det lett å få norske studentar til å engasjere seg i dette?

Å få dei til å reise ut?

[INGRID TJOFLÅT]

Vi driv mykje med motivasjonsarbeid for å få folk til å reise ut.

Noen som reiser ut av ein genuint interessert, og noen reiser ut fordi at venninnen eller
vennen reiser ut, og da får dei vere med på det.

Men klart at det skulle vore endå større engasjement, tenker eg.

Men det må jo komme frå dei.

Vi kan hjelpe som lærarar, vi kan hjelpe og informere.

Men det initiativet må jo kome frå studentane, ja.

[KLAUS MOHN]

Men det er ikkje berre i helseutdanningane at dette kunne vere relevant.

Ein burde kanskje tenke på korleis dette kunne integrerast og reflekterast i andre
utdanningar.

[JAN EGELAND]

Absolutt.

Og det er klart, alle treng ikkje reise ut.

Det som er den lange trenden, det er jo at desse landa må få sine eigne organisasjonar som
gjer jobben.

Så kjem ekspertar som Ingrid ut, og er mentor snarare enn sjukepleiar.

Mentor for lokale sjukepleiarar.

I Flyktningshjelpen er det 15 000 hjelpearbeidarar.

Vi får eit svært kutt frå Trump-administrasjonen.

USA har vunne stor bidragsytar under, Joe Biden.

Men av dei 15 000, så er vi kanskje 300 nordmenn.

Resten er jo afghanere, libanesere, syrere, kongolesere osv.

som jobber i og for Flyktninghjelpen.

Det som da manglar, er denne forståelsen for hvor viktig dette her er.

Det er tankesettet, det er kulturen, det er solidaritetskulturen.

Det kan til og med være kanskje litt farlig at noen føler ja, ok, nå har vi sendt to stykker til langt vekk i Stan.

Nå kan vi konsentrere oss liksom om Norge og våre problemer igjen, som vi er så flinke til å diskutere.

Vi må forstå, internasjonalisere, at vi er i ei sårbar verd.

Klimaendringane er den største langsiktige trusselen.

Det må forstås at den må vi klare å handtere.

[KLAUS MOHN]

Så til våre studentar, Jan, som er i 20-åra.

Viss dei skulle ønske å engasjere seg på dette feltet, har du noko råd til dei?

[JAN EGELAND]

Det er jo å engasjere seg i mange gode organisasjonar.

Då eg var i ... Frivillig organisasjonsarbeid?

Frivillig organisasjonsarbeid.

Eg begynte jo på mange måtar med ei Amnesty International-gruppe på Kongsgård gymnas her ved Breiavatnet i Stavanger.

Der er frivillig Røde Kors-arbeid viktig.

I Noreg.

Det er jo ein masse studiesetlar.

Det er ein masse moglegheiter til å lese seg opp og forstå verda.

Og så er det rett og slett òg politisk arbeid.

Igjen.

Det var ein valkamp hvor verda var stått seg borte.

Og det gjorde meg litt redd, for er det noko ein burde diskutere no?

Med ...

Med den utviklinga vi har, så er det ei verd i ubalanse.

[KLAUS MOHN]

Ingrid, kva seier du til studentar som ønsker å gjere ein forskjell?

Men kanskje ikkje veit heilt kor dei skal starte?

[INGRID TJOFLÅT]

Nei.

Det handlar jo om å bry seg.

Og vise solidaritet.

Og eigentleg aldri slutte å bry seg, enten om det er i familien, i lokalsamfunnet, i organisasjoner, nasjonalt, lokalt.

Og kanskje nokon ønsker å internasjonalt, men det handlar om å bry seg og vise solidaritet og bevare håpet.

[KLAUS MOHN]

Tusen takk til dykk begge for at de har delt tankar og erfaringar, og ikkje minst håp.

Me har snakka om å stå i det vanskelege, om å møte vold og urett, om å tole motstand og ta vare på akkurat håpet, men òg om kva eit menneske kan bety for eit anna, uavhengig av bakgrunn.

Takk for at de lytta til Monitor.

Følg oss gjerne vidare, og del episoden om de synest dette var verd å lytta til.

Du har nå lytta til en podkast fra Universitetet i Stavanger.